

Ny prosjektering må til på Rabben

10.03.2010



Det er truleg likevel langt fram for opprusting av sanitæranlegget på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Forvaltningskomiteen har oppheva byggjeforbodet i området slik at det no kan søkjast om tiltak. Men saksbehandlar Jon Harald Kjærland i kommunen rår til at Rabben Feriesenter startar ny prosjektering av påbygg til sanitærbygget.

Det er førebels ikke sendt inn nok dokumentasjon til at kommunen kan ta stode til tiltaket.

Kjærland påpeikar mellom anna at ansvarleg søker sist var Arne Hjelmeland, Husnes som ikke har sentral godkjenning som ansvarleg søker og kan heller ikke rekne med godkjenning vidare.

Det må no sendast ny søknad gjennom eit firma som tek oppgåva som ansvarleg søker. Det må også sendast ny nabovarselkvittering sidan det er gått meir enn 3 år sidan siste nabovarsling.

Tiltaket er heller ikke nok prosjektert til å ivareta forskriftskrav for orienterings- og rørslehemma vedrørande sanitæranlegg.

Kjærland skriv også at det er planmessige utfordringar med omsyn til sol, lys, byggjehøgder og tilhøve til kommunal pumpestasjon og reinseanlegg.

Dessutan er situajonsplanen mangelfull i høve til plassering. Sameksistens av utleigehytte over sanitæranlegg og pumpestasjon må utgreiaast i høve til luft- og lydplager.

Brevet som Steinar Myklebust har sendt til kommunen utløyser ingen byggjesak. Myklebust må starta ein ny søknad om tiltak som kommunen deretter kan ta til handsaming.

Av Ola Matti Mathisen